

Politidirektoratet  
Postboks 8051 Dep

0031 OSLO

**Referanser:**

Dykkar: 2016/04891  
Vår: 16/937 - 17/1303

**Saksbehandlar:**

Sølvi Legård  
solvi.legard@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

16.02.2017

## Melding om vedtak - Politireforma. Klage på vedtak

Saka er behandla i Kommunestyret 13.02.2017 - Sak 09/2017

**Det er gjort slikt vedtak:**

I politidirektøren sitt framlegg til ny organisering av politiet er Osterøy kommune lagd under Lensmannen på Voss. Voss tenesteeining vert etter dette samansett av kommunane Eidfjord, Granvin, Osterøy, Vaksdal, Voss og Ulvik. Med Osterøy og Eidfjord innlemma i tenesteeininga stig folketalet med om lag 9.000 innbyggjarar. Arealet aukar med 1.446 km<sup>2</sup>.

Me tek for gitt at det framtidige talet på polititeneestemenn tek omsyn til auken i folketal og areal.

Det er tenkt to tenestestadar i tenesteeininga. Det er naturleg at leiinga av tenesteeininga vert lagd til Voss som regionsenter. Vaksdal kommunestyre reager med vantru på at politidirektøren vel å plassera den andre tenestestaden på Osterøy heilt i utkanten av tenesteeininga.

Det vil vera ein stor fordel for innbyggjarane i heile området å plassera tenestestad to på Vaksdal. Dette fordi:

- Vaksdal er ein klart definert tettstad. Ein tettstad som vil veksa.
- Vaksdal ligg langs E16. Raskare utrykking betrar responstida i heile Vaksdal og Osterøy. Særleg er det viktig med rask esponstid til ny og framtidig E16.
- I dag har E16 ein ÅDT på omlag 5000 kvar dagar og toppar på over 20 000 i utferdshelger og ferietid. Trafikken er forventa å auke med ny veg. E16 Arna – Voss har og rett i underkant av 20 % tungtrafikk med dei risikoar det innebærer.
- TØI si kartlegging av mengda farleg gods langs veg syner at omlag 10 prosent av tungtrafikken fraktar farleg gods. Kort responstid til E16 må vega tungt i høve etablering av framtidig tenestestad for politiet.

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

**Konto**

Org.nr. 961 821 967



- Det er fleire ulukker langs E16 enn på Osterøy.
- Ny veg og bane Arna – Vaksdal – Stanghelle ligg inne i framlegget til nasjonal transportplan med oppstart i 2021. Dette vil letta kommunikasjonane monaleg, og er eit sterkt argument og for rekruttering.
- Det vert akseptabel reiseavstand for innbyggjarane.
  - Kontoret skal og tena Eksingedalen i Vaksdal kommune. Avstanden frå Lonevåg til Gullbrå er 100 km med ei estimert reisetid på 1 time og 27 minutt.
  - Tyssebotn som ligg i utkanten av Osterøy vil liggja 51 km frå Vaksdal med ei estimert reisetid på 54 minutt.
- Ein tenestestad bør liggja nært innbyggjarane, men ikkje plasserast i ein utkant av det nye området. Med ei plassering på Vaksdal vil ein lettare kunne dra vekslar på ressursane til begge tenestestadane.
- Vaksdal gjev betre moglegheiter for «flåtestyring» / back-up for Voss enn om tenestestaden vert plassert i utkanten av området /den geografiske driftseininga.
- Gjennom Vaksdal går Bergensbanen. Stasjonane våre vert nytta til transitt når det gjeld smugling av narkotika inn i Bergensområdet. Ein kan transportera narkotika med Bergensbanen, kvitta seg med smuglargoedset på ein av stasjonane våre og transportera det med bil inn til marknaden i Bergen.
- Det er grunn til å tru at også annan gjennomgangskriminalitet er større i Vaksdalsområdet enn på Osterøy. Tunnelane kan tena som dropssoner for smuglargoeds inn i Bergensområdet.
- Ei framtidig mogleg samlokalisering av t.d. politi, brannstasjon og ambulanse vil kunne vera interessant for Vaksdal kommune.

Politidirektøren bruker som eit argument mot Vaksdal at politiet ikkje har lokale på Vaksdal. Her viser me til eksisterande ledige, moderne kontor- og næringslokale i Norgesmøllene sitt anlegg på Vaksdal.

I arbeidet med politireforma skal ein bygga ein struktur for framtidias politi og ha eit perspektiv 30 – 40 år fram i tid. Då må ein ikkje sjå seg blind på eksisterande leigekontraktar.

Rett utskrift:

Sølvi Legård  
Politisk sekretær

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Mottakar:**

Politidirektoratet

**Kopi til:**

Vest politidistrikt